



Sindre Eidsvik og Kjell Tungesvik vonar at brannvernet i Uskedalen ikkje vert lagt ned. Bygda og næringslivet treng brannvernet. Det er ei ekstrasikkerhet for dei som bur og arbeider i Uskedalen. (Foto: Torfinn Myklebust)

**Det er ikkje tvil hos dagleg leiar Svein Arne Eidsvik ved Eidsvik Skipsbyggeri om at brannvernet i Uskedalen er viktig for bygda, Eidsvik Skipsbyggeri og andre verksemdar innan næringslivet i Uskedalen.**

**Han vonar at brannvernet ikkje vert nedlagt. Det er ekstra sikkert for verksemda når brannvernet berre er nokre minuttar borte frå skipsbyggeriet. Ein gong kan det kanskje stå om liv. Då kan minuttar telja.**

I dag er det kring 200 som har sitt arbeid hos Eidsvik Skipsbyggeri - det er fast tilsette og innleigde frå ei rekkje andre firma. Bedrifta har sjølv industrivern med mellom anna fire røykdykkarar. Dei har Eidsvik kosta kurs på, og skulle det vera bruk for dei til andre uhell og brannar, går dei frå arbeidet og hjelper brannvernet.

#### **Industrivern**

Industrivernet gjer ein god jobb, men det er fint å ha Uskedal Brannvern i tilfelle brann og katastrofar. Brannfolka i Uskedalen har også hatt øvingar i båtane Eidsvik utrustar. Fleire av dei tilsette ved Eidsvik har også vore medlemmer av brannvernet.

Svein Arne Eidsvik og brannmeister Kjell Tungesvik ser på tidsfaktoren om det skulle skje ein katastrofe. Då er det viktig at det ikkje er lang veg å køyra frå brannstasjonen til der det brenn.

#### **Utanom bygda**

-Det vert sagt at det er fleire av dei som er med i brannvernet i Uskedalen arbeider utanom bygda?  
-Av dei ti som er i branntroppen, er det 5-6 som arbeider utanom Uskedalen. Dette er eit problem som fleire branntroppar kan ha, seier Tungesvik. Som regel går det fint, og Uskedalstroppen er ofte tidleg framme på ulukkestadene. Det er også godt å ha brannfolka frå Uskedalen når det trengst forsterkingar både til Rosendal og Husnes-området, mellom annan til skogbrannen på Valen var Uskedalstroppen med.

Utanom Eidsvik er Brødrene Hjørnevåg i Uskedalen. Elles har bygda aldersbustadene i Myro, Afa, skulen og barnehagen, bensinstasjon og nokre butikkar; alt like i nærleiken av brannstasjonen. Det er berre nokre minuttars køyring. Ei utrykning frå Husnes eller Rosendal vil ta 10-15 minuttar ekstra. Og er det brann langt oppe

i dalen, kan det straks gå ein halv time frå Husnes og Rosendal. Liv og helse må bety noko der også! I det heile er Uskedalen fjerde største bygda i Kvinnherad.

### Utrykningar

I år har det vore åtte utrykningar frå brannstasjonen i Uskedalen. Utrykningane kan vera brann, trafikkulukker, ras og anna, seier Tungesvik, som synst at samarbeidet med Eidsvik går fint - til glede for begge partar. Både Eidsvik og Tungesvik vonar at politikarane må greia finna nok pengar slik at nedleggjingsfrykta kan vera over denne gongen også. Det er uheldig for moralen med å ha slikt hengjande over seg ved kvar budsjettframleggjing!!

-Det er i alle fall ikkje for pengane sin del vi er med, seier Tungesvik.

Av Torfinn Myklebust



Industrien treng brannvernet - det gjeld ikkje minst Eidsvik. (Foto: Ola Matti Mathisen)